

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato skriven: 06.03.2005
Sakshandsamer: Åsmund Norheim
Saka gjeld: **Etiske retningslinjer for innkjøp**

Styresak 34/05 B

Styremøte 15.03. 2005

Bakgrunn

Eit sentralt element i strategiplan for innkjøp i Helse Vest er etiske retningslinjer for innkjøp. Retningslinjene er utarbeidet som ledd i arbeidet med strategiplanen. Retningslinjene har vore førelagt direktørmøtet i Helse Vest og dessutan fagdirektørforumet. Etiske retningslinjer for innkjøp er eit grunnleggjande rammeverk som bør forankrast i styra i helseføretaksgruppa og i styret i det regionale helseføretaket. Helseføretaka og Helse Vest IKT AS har styrebehandla saka og gjort vedtak i samsvar med tilrådinga i denne saka. Apoteka Vest har foreløpig ikkje behandla saka.

Kommentarar

Etiske retningslinjer er på same måte som strategiplanen for innkjøp forankra i overordna føretaksplan for Helse Vest og "Lov om offentlige anskaffelser" med tilhøyrande forskrift. Strukturen på retningslinjene er av overordna karakter ved at det meir er fokus på generelle etiske problemstillingar enn på detaljerte krav.

Den overordna strukturen medfører at det er ei særleg leiarutfordring og eit særleg leiaransvar å fylgje opp retningslinjene på alle nivå i organisasjonane ved å sørgje for at dei blir gjort kjent mellom medarbeidarane og etterlevd.

Retningslinjene er eit sentralt element i arbeidet med å sikre at regelverket om offentlege innkjøp blir etterlevd og at ein oppnår reell og lik konkurranse om alle oppdrag retta mot markedet. Retningslinjene skal sikre eit felles etisk rammeverk for alle som medverkar i innkjøpsprosessar og medverke til å skape tillit til helseføretaka si verksemd.

Forslag til vedtak:

1. Styret legg vedlagte utkast til etiske retningslinjer for innkjøp i Helse Vest til grunn som eit rammeverk for alt arbeid med innkjøp i helseføretaksgruppa.
2. Alle leiarnivå i helseføretaksgruppa må prioritere å sørge for at retningslinjene blir gjort kjent i organisasjonane og etterlevd.